



“På lag med bygdi”

Årsmelding Lærdal Idrettslag 2023

Styret

Styret i hovudlaget/arbeidsutvalet har vore:

Leiar	Hallvard Thomassen	Nestleiar	Aleksander Offerdal
Kasserar	Jarle Offerdal	Sekretær	Guri Olsen
Styremedlem	Janne Marie Reppen	Styremedlem	Kathrine Njåstad Blåflat
1.varamedlem	Sissel Øye	2.varamedlem	May Britt Solheim

Styremedlemmar frå gruppene har vore:

Fotball:	Stine Kvam Golf	Handball:	Ikkje aktivitet
Friidrett:	Bjørghild Holien	Skeise:	Finn Hauge
Turn og Barneidrett:	Olav Ødegård	Ski:	Kasper Nedrehegg
Handbak:	Jan Olav Møller	Symjing: kontaktpers:	Janne Skilbrei
Innebandy:	Trond Ch. Olsen	Klatring: kontaktpers:	Åslaug Golf Kårdal

Kontrollutval har vore Siri Lagmannsås og Svanhild Lindesteg. Vara; Elin Blomseth

Valnemd har vore Trine Grøtnebø, Renate Fossen og Ole Ramshus Sælthun .

Innleiing

Etter fleire år med redusert aktivitet på grunn av pandemi er aktiviteten i laget no tilbake på normalt nivå. Det er god aktivitet og økonomi i alle gruppene.

Aktiviteten i laget

Det er over 30 ulike organiserte aktivitetar i laget på ei vinterveke. I tillegg kjem vêravhengige arrangement som til dømes ski- og skeisekarusellar. Laget har også mange arrangement i løpet av året, og bidreg til stor aktivitet i bygdi. Elles vert det vist til årsmeldingane frå dei ulike gruppene.

Nytt kunstgrasdekke på fotballbana er på plass

Den 26.09.23 var det høgtidleg markering av at dekket på kunstgrasbana var skifta ut. Dette prosjektet starta opp i 2022, og med stor velvilje og rask sakshandsaming i Lærdal kommune, vart prosjektet realisert i 2023. Prosjektet omfatta nytt kunstgras, nye lysmaster og vintervatn til klubbhuset. LIL sine representantar i arbeidsgruppa har vore Stine Kvam Golf, Jan Tore Stølen og Guri Olsen.

Kunstisprosjektet – Sogn Skeisepark har starta opp att

Arbeidet med å avklare eventuell bygging av kunstisbane i Lærdal starta opp att hausten 2023. Arbeidsgruppe vil arbeide fram nytt kostnadsoverslag som vert lagt fram til styringsgruppa i prosjektet. Målet er å ha avgjerd om vidare arbeid klart i løpet av hauste 2024. Leiar i skeisegruppa Finn Hauge er prosjektleiar.

Økonomi/rekneskap

Økonomien i laget er god, og laget er gjeldfri. Det vert vist til årsmeldinga til kasserer.

Utfordringar for laget

Hovudutfordringa til laget no er å få alle aktive til bli registrert i det nye elektroniske medlemsregisteret Min idrett. Det er ca 270 registrerte medlemmar i registeret per år 2023 og dette må aukast.

Det vert også arbeida med ny heimeside og ny klubbhandbok for laget. Målet er at desse skal verta gode verktøy som skal bidra til å gjere arbeidet enklare for alle tillitsvalde, og at det skal vera lett å finne naudsynt informasjon for alle brukarane.

Takk til alle!

Styret i laget vil takke alle som har delteke i arbeidet for laget, våre sponsorar, tilsette i kommunen, eldskjeler og aktive i alle aldrar for innsatsen i dette året. Kvar og ein av dykk gjer en uvurderleg innsats for barn og unge samt folkehelsa i kommunen.

Lærdal 22.03.24

Hallvard Thomassen
Leiar

Aleksander Offerdal
Nestleiar

Jarle Offerdal
Kasserer

Guri Olsen
Sekretær

Janne Marie Reppen
Styremedlem

Kathrine Njåstad Blåflat
Styremedlem